

# SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for plan og næring</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Firda, Fylkeshuset</b>
<b>Møtedato</b>	<b>24.11.2004</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:30</b>

**Faste medlemer til stades:**

Kjartan Longva (A), Roger B. Silden (A), Jorunn Eide Kirketeig (A), Hilde Kvasås Aa (SV), Harald Lindvik (V), Liv Signe Navarsete (SP), Erling Sande (SP), Mathias Råheim (H)

**Forfall til møtet:**

Kjellaug Veivåg Høyvik (SP)

**Varamedlemer til stades:**

Jørgen Asperheim (SP) var innkalla, men møtte ikkje

**Til stades med tale-/framleggsrett:**

Velaug Veum

**Andre til stades:**

**Sekretariat for møtet:**

Endre Høgalmen og Oddveig Hove

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 22.09.04 vart godkjend utan merknader.

**Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:**

- 1 Kopi av brev frå Gulen Høgre til Gulen kommune datert 25.10.04 – ”Uttale vedr. gassleidning Kollsnes – Mongsad”.
- 2 Pressemelding frå Namdalsavisa – Nå kommer millionene

**Munnleg orientering:**

Trond Sundby orienterte om Tettstadutvikling i Sogn og Fjordane

## SAK 0040/04

**INVESTERINGSPLAN FOR BYGG, ANLEGG OG UTSTYR  
I OPPLÆRINGSSEKTOREN**

**Frå Fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesrådmannen rår hovudutvala til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Investeringsplan for bygg, anlegg og utstyr i opplæringssektoren, dagsett 5. november 2004, vert lagt til grunn for planlegging og gjennomføring av tiltak og prosjekt.
- 2 Følgjande investeringsrammer skal innarbeidast i økonomiplanen 2005-2008:

Opplæring	Tidl løyvd	2005	2006	2007	2008
Brannsiking	(sekkepost)	2,5	2,5	2,5	2,5
Utstyr, inkl. IKT-utstyr	(sekkepost)	7,0	10,0	10,0	10,0
PCB- utskifting av lysarmatur			4,5	4,5	
Måløy vg skule, maritim avd	40,0	20,0			
Høyanger vg skule, rehabilitering	18,5	14,0			
Firdahallen, rehabilitering	15,0		6,0		
Mo/Jølster vgs skule, driftsbygningar	7,6	22,4			
Ombygging/rehabilitering av eks. bygg			3,0	3,0	3,0
Nye byggeprosjekt			18,5	54,5	29
<b>Sum</b>		<b>65,9</b>	<b>44,5</b>	<b>74,5</b>	<b>44,5</b>

- 3 Følgjande nye byggeprosjekt vert prioritert i økonomiplanperioden 2005-2008:
  - 1) Samlokalisering av Stryn vidaregåande skule.
  - 2) Utbygging av Firda vidaregåande skule/Trivselhagen på Sandane.
 Endeleg vedtak om igangsetting må gjerast gjennom vedtak i årsbudsjett og økonomiplanen på grunnlag av funksjonsprogram med areal- og kostnadsoverslag.
- 4 I planperioden etter 2008 vert det lagt til grunn at utbygging av Sogndal vidaregåande skule/Fosshaugane Campus kan settast i gang. Det bør og leggest til rette for at Eid vidaregåande skule/Opera Nordfjord får startløyving i denne perioden.

**Endringsframlegg:**

Hovudutval la fram slikt forslag til vedtak:

Hovudutvalet tek saka til vitande.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Hovudutvalet tek saka til vitande.

**SAK 0041/04**

**OPPFØLGJING AV DETOX-PROSJEKTET: MODELLERING AV EIT FJORDSYSTEM**

**VEDTAK:**

- 1 Sogn og Fjordane Fylkeskommune skal engasjere seg i modelleringsforsøket som likeverdig partnar med Innovasjon Norge og Luster kommune.
- 2 Hovudutval for plan og næring løyver eit tilskot på kr 150 000 frå driftsmidlane for 2004 (plan og næringsføremål) til gjennomføring av modellforsøk i Lustrafjorden. I tillegg vil regionalavdelinga nytte kr 80 000 dekkja inn frå restmidlar frå eit avslutta prosjekt. Totalt vil Sogn og Fjordane Fylkeskommune gå inn med kr 230 000 til gjennomføringa av modellforsøket.
- 3 Deltaking i dette modelleringsforsøket vil ikkje gje bindingar på vidare engasjement etter at prosjektet er gjennomført. Fylkeskommunen vil på fritt grunnlag vurdere om ein skal engasjere seg vidare i konseptet.

**SAK 0042/04**

**FRAMLEGG TIL FJELLSKREDPROSJEKT - SOGN OG FJORDANE**

**VEDTAK:**

- 1 Fylkeskommunen deltek i eit samarbeid med NGU ved etablering av eit Fjellskredprosjekt i Sogn og Fjordane. Prosjektet er planlagt å gå over tre år.
- 2 For 2005 vert det stilt til rådvelde kr. 100.000,- til prosjektet. Midlane vert å hente frå disponible midlar på 2004 budsjettet for plan- og næringsføremål
- 3 Det vert lagt fram ny sak til handsaming for dei to siste åra av prosjektet.
- 4 Prosjektet skal rapporterast årleg og det skal utarbeidast ein sluttrapport.

#### **SAK 0043/04**

### **FRAMTIDIG ORGANISERING AV FAGSKULEUTDANNINGA I SOGN OG FJORDANE**

**Frå Fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesrådmannen rår Hovudutval for opplæring og Hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane vert organisert etter reglane i Lov om fagskoleutdanning frå 01.01.2005.
2. Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane skal bestå av to sjølvstendige skular, Fagskulen i Førde og Fagskulen i Måløy. Skulane skal ha kvar sin rektor.
3. Det vert etablert eitt styre for fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane med heimel i Kommunelova § 11 og Lov om fagskoleutdanning § 3, med slik samansetnad:
  - 2 medlemmer frå næringslivet (1 frå sjørretta og 1 frå landbaserte aktivitetar), etter forslag frå NHO
  - 1 politisk medlem frå fylkeskommunen
  - 1 medlem etter forslag frå dei tilsette
  - 1 medlem etter forslag frå studentaneFylkesutvalet har valretten.
4. Vedtekter for fagskuleutdanninga vert vedtekne i samsvar med vedlegg 2.
5. Opptaket til fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane skjer gjennom eit nasjonalt opptak.

6. Opptaket skal skje med utgangspunkt i felles forskrift om opptak for heile landet. Fylkestinget vedtek forskrifta i samsvar med vedlegg 3.
7. Organiseringa av fagskuleutdanninga skal evaluerast etter to år.

**Endringsframlegg:**

Hovudutvalet la fram slikt forslag til endring i pkt. 3:

- 3 Det vert etablert eitt styre for fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane med heimel i Kommuneleva § 11 og Lov om fagskoleutdanning § 3, med slik samansetnad:

2 medlemmer frå næringslivet (1 frå sjørretta og 1 frå landbaserte aktivitetar), etter forslag frå NHO  
2 politiske medlemmar frå fylkeskommunen (1 frå HO og 1 frå HPN)  
1 medlem frå administrasjonen i fylkeskommunen  
1 medlem etter forslag frå dei tilsette  
1 medlem etter forslag frå studentane

Fylkesutvalet har valretten.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane vert organisert etter reglane i Lov om fagskoleutdanning frå 01.01.2005.
- 2 Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane skal bestå av to sjølvstendige skular, Fagskulen i Førde og Fagskulen i Måløy. Skulane skal ha kvar sin rektor.
- 3 Det vert etablert eitt styre for fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane med heimel i Kommuneleva § 11 og Lov om fagskoleutdanning § 3, med slik samansetnad:  
  
2 medlemmer frå næringslivet (1 frå sjørretta og 1 frå landbaserte aktivitetar), etter forslag frå NHO  
2 politiske medlemmar frå fylkeskommunen ( 1 frå HO og 1 frå HPN)  
1 medlem frå administrasjonen i fylkeskommunen  
1 medlem etter forslag frå dei tilsette  
1 medlem etter forslag frå studentane

Fylkesutvalet har valretten.

- 4 Vedtekter for fagskuleutdanninga vert vedtekne i samsvar med vedlegg 2.
- 5 Opptaket til fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane skjer gjennom eit nasjonalt opptak.
- 6 Opptaket skal skje med utgangspunkt i felles forskrift om opptak for heile landet. Fylkestinget vedtek forskrifta i samsvar med vedlegg 3.
- 7 Organiseringa av fagskuleutdanninga skal evaluerast etter to år.

**SAK 0044/04**

**SØKNAD OM STØTTE TIL PROSJEKTET "VEKST  
VERDISKAPING FOR NÆRINGSLIVET I VESTLANDS-REGIONEN"**

**VEDTAK:**

Fylkeskommunen imøtekjem ikkje søknaden frå Fjord Norge AS om kr. 342.500,- til finansiering av merkevarebyggingsprosjekt.

**SAK 0045/04**

**STRATEGIPLAN IKT 2005-2008 SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE**

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 "Strategiplan IKT Sogn og Fjordane fylkeskommune 2005-2008" vert vedteken som retningsgjevande for fylkeskommunen si satsing innan IKT.
- 2 Gjennomføringa av planen skjer som ein del av dei årlege budsjetta, oppdrags-/ansvarsbrev og verksemdsplanane til avdelingane og institusjonane, og dei årlege handlingsplanane til fylkesplanen

**SAK 0046/04**

**100 - ÅRSMINNET FOR LODALSULUKKA 1905 - 14.-16.01.2005  
FJELLSKREDKONFERANSE - LOEN - 14.01.2005**

**VEDTAK:**

- 1 Fylkeskommunen deltek med gjennomføring av Fjellskredkonferanse i Loen 14.01.2005 i samband med markering av 100 års minnet for Lodalsulukka i 1905.
- 2 Det blir sett av kr. 60.000,- til konferansen, frå disponible midlar på budsjettet for nærings- og tiltaksføremål.

**SAK 0047/04**

**JØLSTER SKISENTER AS - SØKNAD OM TILSKOT TIL UTBYGGING AV JØLSTER SKISENTER.**

**VEDTAK:**

- 1 Hovudutval for plan og næring løyver kr. 375.000 til utbygging av Jølster Skisenter. Løyvinga skal delast over 2 år, med startløyving på kr. 200.000 i 2006 og sluttløyving på kr. 175.000 i 2007. Midlane vert løyvt frå kap. 551 post 60 – regional utvikling.
- 2 Det vert sett følgjande vilkår for løyvinga:
  - a) Jølster kommune sin Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet må vedtakast av kommunestyret før 1. februar 2005. Planen må stette krava for å gje søknadsrett til spelemidlar.
  - b) Jølster kommune må syte for kommunal garanti for løyvde spelemidlar i samsvar med Kap. 2.3.3 i kultur- og kyrkjedepartementet sine føreskrifter. (V-0732)
  - c) Vegframføring til ny skiheis må sikrast gjennom reguleringsplan/alternativ utbyggingsplan og avtalar mellom grunneigar og utbyggjar. Jølster Skisenter må få tinglyst rett til bruk av vegen. Midlane vert ikkje utbetalt før vegen er fullført.
  - d) Prosjektet må vera prioritert i det nye handlingsprogrammet i Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Vedtak på planen er forventa i desember 2005.
  - e) Planane for prosjektet må vera teknisk førehandsgodkjent av Jølster kommune.

**SAK 0048/04**

**VAL AV REPRESENTANT TIL GENERALFORSAMLINGANE I SOGNEPRODUKTER AS**

**VEDTAK:**

Som fylkeskommunen sin representant til generalforsamlinga i Sogneprodukter AS vert valt:



Marta Finden Halset, 6893 Vik

Valet gjeld for perioden 2003-2007.

**SAK 0049/04**

**AQUA NOR 2005**

**VEDTAK:**

- 1 Sogn og Fjordane går inn i eit samarbeid om ein felles Vestlandsstand for Hordaland, Rogaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane under Aqua Nor i 2005.
- 2 Det vert lagt til grunn at fylkeskommunen tek del i Aqua Nor 2005 med til saman kr 200 000. Sjølvve tildelinga av midlar skjer først i mars 2005, i samband med fordeling av utviklingsmidlane for 2005.

**SAK 0050/04**

**GJENNOMGÅANDE STYRINGS- OG RAPPORTERINGSYSTEM  
GODKJENNING AV OVERORDNA MÅLEKART**

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Overordna målekart for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert godkjent. Dette skal rullerast årleg - samordna med budsjettprosessen.

**SAK 0051/04**

**FELLES NÆRINGSBAROMETER FOR SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND**

**Frå Fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

Hovudutval for plan og næring løyver inntil kr. 262.260,- til utarbeiding av eit Næringsbarometer for Sogn og Fjordane og Hordaland. Midlane vert henta frå 2004-budsjettet for plan og næringsstiltak. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå ei 3-årig samarbeidsavtale om det nye næringsbarometeret.

**Endringsframlegg:**

Hovudutval for plan og næring løyver inntil kr. 150.000,- til utarbeiding av eit Næringsbarometer for Sogn og Fjordane og Hordaland. Midlane vert henta frå 2004-budsjettet for plan og næringstiltak. Fylkeskommunen vil i juni 2005 vurdere om ein framleis skal delta i prosjektet.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Hovudutval for plan og næring løyver inntil kr. 150.000,- til utarbeiding av eit Næringsbarometer for Sogn og Fjordane og Hordaland. Midlane vert henta frå 2004-budsjettet for plan og næringstiltak. Fylkeskommunen vil i juni 2005 vurdere om ein framleis skal delta i prosjektet.

**SAK 0052/04**

**KONSEKVENsutGREIING SKINFAKS/RIMFAKS IOR - HØYRING**

**VEDTAK:**

1. Operatøren må på ein langt tydelegare måte synleggjere at sentrale føringar om regional verdiskaping og arbeidsdeling vert tekne på alvor (jf. Petroleumslova, St.meld. nr. 38 (2003-2004) og NOU 2004:2).

Operatøren må presisere korleis føringane konkret skal innfriast for å gjere noko med det store misforholdet mellom Sogn og Fjordane sin nærleik til olje- og gassressursane og den aktivitet som i dag skjer i fylket.

Møtet slutt kl 13:15